

Fra: Ragnvald <ragnvaldvalle@gmail.com>
Sendt: 30. mars 2017 11:42
Til: Postmottak Lindås
Emne: Fwd: Utsetting av frist sak16/3879

Sendt fra min iPhone


Videresendt melding:

Fra: Ragnvald <ragnvaldvalle@gmail.com>
Dato: 30. mars 2017 kl. 11.03.16 CEST
Til: postmotak@lindas.kommune.no
Kopi: per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no
Emne: Utsetting av frist sak16/3879

Ønsker utsettelse på sak 16/3879 fram til 1/5-2017 då eg ikkje har fått svar på nabovarsel.

Eg er bortreist fra 1/4 til 23/4 derfor treng eg denne utsettelsen.

Mvh Ragnvald Valle





LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Ragnvald Valle
Seimstranda 343
5912 SEIM

Referansier:
Dykkar:
Vår: 16/2879 - 17/4382

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 59/3

Kommunen stadfestar å ha mottekte dykkar søknad 09.12.16.

Mottaks kontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må sendast inn som søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsett. Rett skjema er lagt ved. Kommunen har fått stadfesting frå eining for landbruk at tiltaket er i samsvar med arealføremålet og kan ferast opp som driftsbygning i landbruksret.
2. Tiltaket er ikkje nabovarska. Nabovarsling må utførast i samsvar med plan- og bygninglova § 21-3.
3. Det må sendast inn nytt situasjonskart som viser storleik på bygningen og at relevante avstandskrav er ivareteke.
4. Teikning må vise alle fasadar på bygningen. Det må også ligge føre snitt-teikning som viser aktuelle høgdar på bygningen.
5. Bygningen som skal byggast på med driftsbygning er Sefrak registrert. Det oppmodast difor om å sende inn informasjon om alder og verneverdi på eksisterande bygning slik at kommunen kan vurdere om det er naudsynt å sende søknaden vidare på høyring om kulturminneverdi. Dersom det kan leggjast føre informasjon som tilsier at bygningen ikkje har kulturminneverdi, treng saka ikkje sendast vidare på høyring.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksaganen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygninglova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Post
post@lindas.kommune.no
Kvernshuysane 20, 5914 Isaklev

Kontakt
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 58 37 50 00
Telefax +47 58 37 50 01

Konto 1503 22 44587
Org.nr. 335 084 733

DER DRIFUTAR BLIR RØYNDOM